

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
52545	Rykhus / Rykkhus	1	Rykkhus	Bruk 65/19	<p><b>Uttale:</b> Sjå uttaleopplysningane i laupenr. 3.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Rykhuus</i> (rektangelmåling 1828); <i>Rykhus</i> (rektangelmåling 1885; matr. 1950; <i>Gardar og slekter i Fron</i> bd. 1, 1973, s. 85); <i>Rykkhus</i> (gradteigsmåling 1912; ØK 1978). I <i>Norske innsjønamn I</i> (1924, s. 161) går det fram at <i>Rykkhus</i> er eit bustadnamn, jf. laupenr. 2 og 3.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Rykhus</i> og viser til at dette var skrivemåten då bruket blei utskilt i 1911. Arne og Edith Haverstadløkken skriv namnet på tjørna nedom bruket som <i>Rykkustjønnin</i>, jf. laupenr. 3.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret, matrikelutkastet, bygdeboka og <i>Norske innsjønamn I</i>. Vidare skriv dei at dei ikkje har opplysningar om kva namnet kjem av, og at både <i>ryk</i> og <i>rykk</i> som imperativsformer av verb kan tenkjast. Dei vel å leggje vekt på uttala av tjørna nedom bruket, som tilseier ein skrivemåte med dobbel konsonant. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Rykkhus</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det er uvisst kva fyrsteleddet kjem av. Som Språkrådet skriv, er både <i>ryk</i> og <i>rykk</i> moglege opphav, og baa fylgjer rettskrivinga. Fyrsteleddet vekslar mellom å bli skriva med enkel og dobbel konsonant, både i dei offentlege og dei lokale kjeldene. Men uttala av tjørna med kort <i>y</i> talar for ein skrivemåte med dobbel konsonant, og ein slik skrivemåte er dessutan ynskt lokalt. Sisteleddet er <i>hus</i> n., og sjølv om uttala er utan /h/, er dette eit ålment kjent ord som bør fylgje rettskrivinga. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Rykkhus</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding og lokale ynske.</p>	Sør-Fron
174619	Rykkhustjønnna / Rykkhustjønnin	2	Rykkhustjønnna	Tjørn	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar, men sjå laupenr. 3.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Rykkhustjone</i> (gradteigsmåling 1912; N50 1952); <i>Rykkhustjønnna</i> (ØK 1978).</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					<p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Rykkhustjønnna</i>, då dette er skrivemåten i namnebasen. Kartverket har hatt ein telefonsamtale med ein sakshandsamar hjå Statsforvaltaren, og hen har oppfatta frå grunneigarane at <i>Rykkhustjønnin</i> er eit fellesnamn for <i>Rykkhustjønnna</i> og <i>Svarttjønnna</i> som ligg like ved einannan.</p> <p><b>Tilråding:</b> Ingen.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det ser ut til at det finst eit fellesnamn på <i>Rykkhustjønnna</i> og <i>Svarttjønnna</i> like ved. Her vurderer me namnet på den einskilde tjørna, mens fellesnamnet blir vurdert på laupenr. 3. <i>Rykkhus-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 1. Normeringspraksis i Sør-Fron er <i>tjønn</i>, og sjølv om ordet både kan vera hokjønnsord og inkjekjønnsord i Sør-Fron, viser endinga at det i dette tilfellet er eit hokjønnsord. Punkt 3.6 i dei utfyllande reglane opnar for skrivemåten <i>nn</i> for <i>rn</i> i område som har denne uttala. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Rykkhustjønnna</b> i samsvar med ynsket frå kommunen.</p>	
1089277	Rykkhustjønnin	3	<b>Rykkhustjønnin</b>	Gruppe av tjørner	<p><b>Uttale:</b> <i>ry'kkuskø'ņņin</i> (<i>Norske innsjønamn I</i> (1924, s. 161); <i>ry'kkuskø'ņņin</i> (heradsregisteret 1945).</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> Ingen.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Arne og Edith Haverstadløkken, to lokale informantar, ynskjer skrivemåten «<i>Rykkustjønnin</i>, som det alltid har vært».</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret, heradsregisteret og <i>Norske innsjønamn I</i> og tilrår skrivemåten <i>Rykkhustjønnin</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det ser ut til at det finst eit fellesnamn på <i>Rykkhustjønnna</i> og <i>Svarttjønnna</i>, jf. laupenr. 2. <i>Rykkhustjønn-</i> får same skrivemåte som i <i>Rykkhustjønnna</i> av same grunnar. Punkt 4.3.3 i dei utfyllande reglane opnar for endinga <i>-in</i> i bunden form fleirtal når dette er i samsvar med dialektuttala.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					Kartverket vedtek skrivemåten <b>Rykkhustjønnin</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.	
537311	Karustjønnna / Karusstjønnna	4	<b>Karusstjønnna</b>	Tjørn	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> <i>Karustjønnna</i> (ØK 1973).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Karusstjønnna</i> i namnelista dei har lagt fram, men <i>Karustjønnna</i> i brevet dei har sendt inn.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringsvaret og påpeikar at <i>karuss</i> er einaste normerte skrivemåte av fiskenamnet. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Karusstjønnna</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Som Språkrådet skriv, er <i>karuss</i> rettskrivingsform av fiskenamnet, og fyrsteleddet bør derfor skrivast slik. <i>Tjørn</i> kan vera både hokjønns- og inkjekjønnsord i Sør-Fron, men kjeldene talar for at sisteleddet er eit hokjønnsord. Sisteleddet kan skrivast med <i>nn</i> for <i>rn</i>, jf. laupenr. 2. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Karusstjønnna</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
173304	Karusmyra / Karussmyra	5	<b>Karusmyra</b>	Myr	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> <i>Karusmyra</i> (ØK 1973).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Karusmyra</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringsvaret og tilrår skrivemåten <i>Karusmyra</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Karus-</i> får same skrivemåte som i primærnamnet, jf. laupenr. 4. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Karusmyra</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og norsk rettskriving.</p>	Sør-Fron
719937	Nedre Karustjønnna / Nedre Karusstjønnna	6	<b>Nedre Karusstjønnna</b>	Tjørn	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> <i>Nedre Karustjønnna</i> (ØK 1978).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Nedre Karustjønnna</i>.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og tilrår skrivemåten <i>Nedre Karusstjønnna</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Denne tjørna ligg ein annan stad i kommunen enn laupenr. 4, men bør ha same skrivemåte av same grunnar. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Nedre Karusstjønnna</b> i samsvar med Språkrådets tilråding.</p>	
720967	Øvre Karusstjønnna / Øvre Karusstjønnna	7	Øvre Karusstjønnna	Tjern	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Øvre Karusstjønnna</i> (ØK 1978).</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Øvre Karusstjønnna</i> i namnelista dei har lagt fram, men <i>Øvre Karusstjønnna</i> i brevet dei har sendt inn.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og tilrår skrivemåten <i>Øvre Karusstjønnna</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Kartverket vedtek skrivemåten <b>Øvre Karusstjønnna</b>, jf. laupenr. 6.</p>	Sør-Fron
592285	Langmyra / Storlon	8	Langmyra	Myr	<p><b>Uttale:</b> I heradsregisteret er uttala <i>la'ngmýra</i> (1945) ført opp om ei myr i Sør-Fron, men det er uvisst kva for myr. I ein telefonsamtale Kartverket har hatt med Ove Breistad, har me fått oppgi uttala <sup>2</sup><i>langmyra</i>. Kartverket har au hatt ein telefonsamtale med Tor Bjørke, og han oppgav same uttale som Breistad. Breistad og Bjørke kjende til namnet Storlon, men berre om ei lon nokre mil unna. Bjørke fortalde au at <i>Langmyra</i> i dag er delt i to, men at båe delane blir kalla <i>Langmyra</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langmyren</i> (N50 1952); <i>Langmyra</i> (gradteigsmåling 1912; N50 1973, 1991, 1995, 2005, 2012).</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Langmyra</i>, og dei skriv at dette er namn på både denne myra og myra på laupenr. 9.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og heradsregisteret og tilrår skrivemåten <i>Langmyra</i>. Dei skriv au at skrivemåten <i>Storlon</i> er grei.</p> <p><b>Vurdering:</b> Frå gamle flyfoto ser ein at <i>Langmyra</i> tidlegare var éi myr, men at ho i dag er oppdyrka midt på, slik at ein har to separate delar. Namneobjektet for dette laupenummeret er den søraustlege delen av myra, mens laupenr. 9 er den nordvestlege delen. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Langmyra</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, skrifttradisjonen, Språkrådets tilråding, norsk rettskriving og lokale ynske. <i>Storlon</i> ser ut til å vera feilplassert og vil bli feilført.</p>	
799552	Langmyra / Storlon	9	<b>Langmyra</b>	Myr	<p><b>Uttale:</b> Jf. laupenr. 8.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langmyren</i> (N50 1952); <i>Langmyra</i> (N50 1965, 1990, 1995, 2004, 2011; ØK 1978).</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Langmyra</i>, og dei skriv at dette er namn på både denne myra og myra i laupenr. 8.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og heradsregisteret og tilrår skrivemåten <i>Langmyra</i>. Dei skriv au at skrivemåten <i>Storlon</i> er grei.</p> <p><b>Vurdering:</b> Kartverket vedtek skrivemåten <b>Langmyra</b>, jf. laupenr. 8. <i>Storlon</i> ser ut til å vera feilplassert og vil bli feilført.</p>	Sør-Fron
311458	Langvegg / Langvæg	10	<b>Langvegg</b>	Gard (192)	<p><b>Uttale:</b> I ein telefonsamtale Kartverket har hatt med Jenny Eline Langvegg, eigar av 192/1 og 192/2 (laupenr. 11 og 12), fekk me oppgjewe uttala <sup>1</sup><i>langvegg</i>. Ho har høyrte at namnet har med at det var lang veg frå Espedalen til resten av Sør-Fron, men ho påpeikte at namnet blir skrive <i>Langvegg</i> i dag.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langvæg</i> (rektangelmåling 1830); <i>Langvegg</i> (matr. 1904, 1950; rektangelkart 1907; N50 1952, 1975, 1995,</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>1996, 2007; ØK 1977). I <i>Gardar og slekter i Fron</i> bd. 1 (1973, s. 535) er <i>Langvegg-gardane</i> i Espedalen nemnt.</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Langvegg</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyrings svaret og gardsnamnet <i>Langvegg</i> i Nord-Fron, som i heradsregisteret er ført opp med uttala <i>la'ŋvæg</i> (1945). Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Langvegg</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Uttaleopplysninga og skrifttradisjonen tilseier at sisteleddet er <i>vegg</i> m. Båe namneledda er ålment kjende ord som bør fylgje rettskrivinga, og ein slik skrivemåte samsvarar dessutan med den nedervde lokale uttala, skrifttradisjonen, Språkrådets tilråding og kommunens forslag. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Langvegg</b>.</p>	
	Langvæg søndre	11	Søre Langvegg	Bruk 192/1	<p><b>Uttale:</b> Sjø laupenr. 10.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langvegg søndre</i> (matr. 1904, 1950).</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune har skrivemåten <i>Søndre Langvæg</i> i lista si, men kommenterer ikkje namnet ytterlegare.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet skriv at det i kommunen berre er registrert <i>Søre</i> som retningsledd i SSR, ikkje <i>Søndre</i>. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Søre Langvegg</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Langvegg</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 10. Som Språkrådet skriv, er <i>Søre</i> rådande normering av retningsleddet i kommunen. I heradsregisteret finn ein dessutan tre namn i Sør-Fron med /sø:re/ som uttale. Retningsleddet bør stå framom namnet det er knytt til, sidan dette er vanleg namnelaging i norsk, jf. Sør-Fron og Nordre Land. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Søre Langvegg</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og norsk rettskriving.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
	Langvæg nordre	12	<b>Nordre Langvegg</b>	Bruk 192/2	<p><b>Uttale:</b> I ein telefonsamtale Kartverket har hatt med grunneigar Jenny Eline Langvegg, fekk me oppgjeve at retningsleddet blir uttala <i>nordre</i>, ikkje <i>nørdre</i>. Sjå elles laupenr. 10.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langvegg nordre</i> (matr. 1904, 1950).</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune har skrivemåten <i>Nordre Langvæg</i> i lista si, men kommenterer ikkje namnet ytterlegare.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet skriv at det i SSR er registrert både <i>Nordre</i> og <i>Nørdre</i> i kommunen, men at heradsregisteret har registrert éin førekomst med /nör'dræ/. Språkrådet vektlegg denne uttaleopplysninga og tilrår skrivemåten <i>Nørdre Langvegg</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Langvegg</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 10. Retningsleddet bør skrivast i tråd med uttala, og det bør stå framom <i>Langvegg</i>, jf. laupenr. 11. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Nordre Langvegg</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, norsk rettskriving og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
659566	Langveggodden	13	<b>Langveggodden</b>	Nes	<p><b>Uttale:</b> I ein telefonsamtale Kartverket har hatt med Jenny Eline Langvegg, fekk me oppgjeve uttala <sup>1</sup><i>langveggodd'n</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Langveggodden</i> (ØK 1977).</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Langveggodden</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Langveggodden</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Langvegg-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 10. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Langveggodden</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding, norsk rettskriving og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
841564	Langveggberget	14		Berg	<p><b>Uttale:</b> I ein telefonsamtale med grunneigar Jenny Eline Langvegg fekk Kartverket høyre at ho visste om dette berget, men at det ikkje hadde noko namn.</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> <i>Langveggberget</i> (ØK 1977).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Langveggberget</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Langveggberget</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Det er noko påfallande at det er to berg like ved einannan som heiter akkurat det same, jf. laupenr. 15. Når grunneigaren i tillegg ikkje kjenner til namnet, verkar det som om namnet kan vera feilplassert. Me vel å leggje dette namnet saman med laupenr. 15.</p>	Sør-Fron
587612	Langveggberget / Seterberga / Sæterberga	15	<p><b>Langveggberget</b> som hovudnamn</p> <p><b>Seterberga / Sæterberga</b> som historisk namn</p>	Berg	<p><b>Uttale:</b> I ein telefonsamtale Kartverket har hatt med grunneigar Jenny Eline Langvegg, fekk me oppgjeve uttala <sup>1</sup><i>langveggberget</i>. Ho sa samstundes at berget ikkje heiter <i>Seterberga/Sæterberga</i>.</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> I ØK har to tilstøytande kartblad frå 1977 <i>Seterberga</i> og <i>Sæterberga</i>.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Sæterberga</i>, og dei skriv at berget ligg nordvest for Seterheimvegen. Grannen på 198/1 Økelsrud har oppgjeve skrivemåten <i>Langveggberget</i> til kommunen.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og påpeikar at tilsvarande namn som inneheld <i>seter</i> i Sør-Fron, blir skrivne med -æ- i SSR. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sæterberga</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Me finn ikkje teikn til at <i>Seterberga/Sæterberga</i> er i bruk i dag. Namnet har vore registrert på to forskjellige ØK-kartblad, så det må ha vore i bruk ein gong. Me fastset namnet med dei to skrivemåtane som historisk. <i>Langvegg-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 10. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Langveggberget</b> i samsvar</p>	Sør-Fron



Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					med den nedervde lokale uttala, norsk rettskriving og dei lokale opplysningane. Denne skrivemåten er tilrådd for laupenr. 14.	
553352	Lebba	16	<b>Lebba</b>	Elv	<p><b>Uttale:</b> <i>la`bba</i> (heradsregisteret 1945). I heradsregisteret er au uttala <i>le`bba</i> ført opp om eit fjell i Sør-Fron. Kartverket har hatt ein telefonsamtale med Jon Olav Skurdal, og han oppgjev uttala <sup>2</sup><i>lebba</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Læbben</i> (rektangelmåling 1828); <i>Lebba</i> (rektangelkart 1907; N50 1975, 1996, 2007; ØK 1977); <i>Labba</i> (heradsregisteret 1945; N50 1952). I oppføringa i heradsregisteret står det at namnet kjem av verbet <i>labbe</i> 'rangle av garde', og dette skal vera eit vanleg ord i talemålet på staden. I <i>Norske innsjønamn I</i> (1924, s. 194) og årboka til Fron historielag frå 2012 (s. 136) blir <i>Lebba</i> nemnt. I <i>Norske elvenavne</i> (1904, s. 324) blir namnet sett på som ei avleiing av <i>labb</i> nytta i stadnamn.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Lebba</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og heradsregisteret og tilrår skrivemåten <i>Lebba</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Dei fleste opplysningane talar for skrivemåten <i>Lebba</i>. Dersom namnet kjem av ei avleiing av <i>labb</i>, har truleg åa fått namn etter Storlebba, sjå laupenr. 22 for ein gjennomgang av dette namneleddet. Skrifttradisjonen er nesten eintydig <i>Lebba</i>, og ein slik skrivemåte samsvarar uansett med dagens uttale av namnet. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebba</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, skrifttradisjonen, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron Gausdal
	Lebakken	17	<b>Lebbakken</b>	Bruk 141/19	<p><b>Uttale:</b> Sjå under <i>Høyringsvar</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Lebbakken</i> (matr. 1950).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune skriv at uttala av namnet er med kort /e/ og at namnet er avleidd frå <i>Lebba</i> (laupenr. 16).</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p>Kommunen meiner ut ifrå dette at <i>Lebbakken</i> er korrekt skrivemåte.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og matriklane. Vidare skriv dei at både <i>Lebakken</i> og <i>Lebbakken</i> er moglege skrivemåtar, avhengig om fyrsteleddet kjem av <i>le</i> n. eller <i>Lebba</i>. Dei vektlegg utsegna frå kommunen og tilrår skrivemåten <i>Lebbakken</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Bruket ligg like attmed åa <i>Lebba</i> (laupenr. 16), og det er sannsynleg at det har namn etter denne, lik laupenr. 18–20. Fyrsteleddet bør då skrivast <i>Lebb-</i> som i primærnamnet. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebbakken</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	
	Lebbhytta	18	<b>Lebbhytta</b>	Bruk 142/29	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar, men sjå laupenr. 16.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Lebbhytta</i> (matr. 1950).</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Lebbhytta</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og matriklane og tilrår skrivemåten <i>Lebbhytta</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Lebb-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 16. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebbhytta</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
	Lebbsjå	19	<b>Lebbsjå</b>	Bruk 147/23	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar, men sjå laupenr. 16.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> Ingen.</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Lebbsjå</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og tilrår skrivemåten <i>Lebbsjå</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Lebb-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 16. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebbsjå</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
780761	Lebbvollen	20	<b>Lebbvollen</b>	Setervoll	<b>Uttale:</b> Ingen opplysningar, men sjå laupenr. 16.	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Lebbvollen</i> (ØK 1977). I årboka til Fron historielag frå 2012 er <i>Lebbvollane</i> nemnt.</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Lebbvollen</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Lebbvollen</i> og skriv at denne skrivemåten er ynskt av kommunen.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Lebb-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 16. Namnet har fleirtalsform i bygdeboka, men sidan det har vore kartfesta i eintalsform, og kommunen ynskjer namnet i eintal, vedtek me dette. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebbvollen</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	
416760	Lebbosen	21	<b>Lebbosen</b>	Os	<p><b>Uttale:</b> Kartverket har hatt ein telefonsamtale med Jon Olav Skurdal, og han oppgjev uttala <sup>2</sup><i>lebbos'n</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Lebbosen</i> (ØK 1977).</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Lebbosen</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Lebbosen</i> og skriv at denne skrivemåten er ynskt av kommunen.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Lebb-</i> får same skrivemåten som primærnamnet, jf. laupenr. 16. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Lebbosen</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
372355	Storlebba	22	<b>Storlebba</b>	Fjell	<p><b>Uttale:</b> Kartverket har hatt ein telefonsamtale med Jon Olav Skurdal, og han oppgjev uttala <sup>2</sup><i>storlebba</i>. I heradsregisteret er uttala <i>le`bba</i> ført opp om eit fjell i Sør-Fron.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>St. Læbben</i> (rektangelmåling 1828); <i>Storlebba</i> (N50 1975, 1996, 2007; ØK 1977). I N50 (1952) er <i>Lebba</i> plassert mellom laupenr. 22 og 23. I N50 (1975) er <i>Storlebba</i> plassert høgare opp mot Håkåsæterfjellet.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Storlebba</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Storlebba</i> og skriv at denne skrivemåten er ynskt av kommunen.</p> <p><b>Vurdering:</b> Dette namnet kan vera opphavet til resten av <i>Lebb</i>-namna, jf. laupenr. 16. Leddet kan vera ei avleiing av <i>labb</i> m., og i Norsk Ordbok ser ein at fleire av tydingane til ordet har med noko som er flatt å gjera. Både <i>Storlebba</i> og <i>Vesllebba</i> (laupenr. 23) har eit flatt topparti, og det kan tenkjast at namnet kjem av at ein assosierer fjellformasjonane med flaten på ein labb. I Ringebu har ein liknande formasjon namnet <i>Lebbhaugen</i>. Lik ånamnet talar dagens uttale og skrifttradisjonen for ein skrivemåte med <i>e</i>. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Storlebba</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, skrifttradisjonen, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.</p>	
129343	Veslelebba / Vesllebba	23	<b>Vesllebba</b>	Hylle	<p><b>Uttale:</b> Kartverket har hatt ein telefonsamtale med Jon Olav Skurdal, og han oppgjev uttala <sup>2</sup><i>vešllebba</i>. I heradsregisteret er uttala <i>le`bba</i> ført opp om eit fjell i Sør-Fron.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Lil. Læbben</i> (rektangelmåling 1828); <i>Veslelebba</i> (N50 1975, 1996, 2007; ØK 1977). I N50 (1952) er <i>Lebba</i> plassert mellom laupenr. 22 og 23. I N50 (1975) er <i>Veslelebba</i> plassert der <i>Storlebba</i> vanlegvis står.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Vesllebba</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet skriv at kommunen ynskjer ein skrivemåte utan binde-<i>e</i>, og ein slik skrivemåte skal vera i samsvar med tilsvarande namn i heradsregisteret. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Vesllebba</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Sisteledet får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 22. <i>Vesle</i> er eit ålment kjent ord</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					som i utgangspunktet bør fylgje rettskrivinga, men punkt 6 i dei utfyllande reglane opnar for samansetningsmåtar som samsvarar med den lokale dialektuttala. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Vesllebba</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.	
99691	Morkelykkja / Morkjelykkja / Morkeløkken	24	<b>Morkelykkja</b>	Bruk 17/4	<p><b>Uttale:</b> Kartverket har hatt ein telefonsamtale med Knut Forreløkken, og han oppgjev uttala <sup>2</sup><i>morkelykkja</i>.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Morkeløkka</i> (gradteigsmåling 1912); <i>Morkeløkken</i> (matr. 1950); <i>Morkjelykkja</i> (ØK 1978). I <i>Gardar og slekter i Fron</i> bd. 1 (1973, s. 44) er bruket ført opp som <i>Morkelykkja</i>. 22.08.2016 skriv grunneigar Helge Morten Megaarden til Kartverket at bruket alltid har heitt <i>Morkelykkja</i>, ikkje <i>Morkjelykkja</i>.</p> <p><b>Høyrings svar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Morkjelykkja</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyrings svaret, matriklane og bygdeboka. Vidare skriv dei at det i heradsregisteret er registrert <i>Morken må`rk'n</i> og tilsvarende namn med uttala <i>/-lykkja/</i>. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Morkjelykkja</i>. Dei skriv at lokal dialektform er <i>mork</i>, men <i>morkje-</i> i fyrsteledd, på same måte som for appellativet <i>eng</i>, som det i SSR finst mange eksempel på at blir skrive <i>Engje-/Engja-</i> når det står som fyrsteledd.</p> <p><b>Vurdering:</b> Uttaleopplysninga, bygdeboka og opplysningane frå grunneigar talar alle for skrivemåten <i>Morke-</i>. Ein slik skrivemåte er au i tråd med rettskrivinga. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Morkelykkja</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala og lokalt ynske.</p>	Sør-Fron
	Morkelykjesætra	25	<b>Morkelykkjesætra</b>	Bruk 18/9	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Morkelykjesetra</i> (matr. 1950).</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Morkelykjesætra</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Morkjelykkjesætra</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> <i>Morkelykkj-</i> får same skrivemåte som primærnamnet, jf. laupenr. 24. I målføresynopsisen er uttala <i>sæ'tar</i> ført opp i Sør-Fron. I SSR er det berre vedteke namn med <i>-sætra</i> som sisteledd i kommunen. Punkt 3.8 i dei utfyllande reglane opnar for skrivemåtar som har bevart gamalnorske trekk, jf. gno. <i>sætr</i>, og <i>sæter</i> har vore rettskrivingsform tidlegare. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Morkelykkjesætra</b>.</p>	
131804	Mosåranden / Måsåranden / Måsårandin	26	<b>Måsårandin</b>	Fjell	<p><b>Uttale:</b> <i>må`sårandin</i> (heradsregisteret 1945).</p> <p><b>Skriftradisjon:</b> <i>Maasaaranden</i> (rektangelkart 1907; N50 1952); <i>Mosåranden</i> (N50 1975, 1996); <i>Måsårandin</i> (ØK 1977; N50 2007).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Måsårandin</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og heradsregisteret og tilrår skrivemåten <i>Måsårandin</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Namnet kjem av <i>mose rande</i> m. 'fjellrygg det veks mose på', og ein ser ordet ofte bruka som appellativ i lokal litteratur. Ut ifrå uttaleopplysninga ser ein at namnet står i eintal, for ifylgje målføresynopsisen har tilsvarande ord endinga <i>-in</i> i bestemd form eintal og <i>-ə'n</i> i bestemd form fleirtal i Sør-Fron. Ein skrivemåte som <i>-randin</i> er ikkje i tråd med rettskrivinga av ordet, men i SSR er <i>-randin</i> meir bruka enn <i>-randen</i> i kommunen. I tillegg samsvarar <i>-randin</i> med uttaleopplysninga, og skrivemåten har stått i kart, er tilrådd av Språkrådet og ynskt av kommunen. Punkt 3.2 i dei utfyllande reglane opnar for at vokalane i jamvektsformer kan skrivast i samsvar med dialektuttala i området, og i SSR er</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					<i>Måsåtjønna</i> vedteke som skrivemåte på ei tjørn i kommunen. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Måsårandin</b> i samsvar med den nedervde lokale uttala, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.	
477814	Nikoline gruve / Nikolinegruva	27	<b>Nikolinegruva</b>	Bergverk	<p><b>Uttale:</b> Ingen opplysningar.</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Nikoline gruve</i> (<i>Nikkelverket i Espedalen</i>, 2004, s. 42).</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Nicoline grube</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringsvaret. Dei skriv at dersom det er kjent kven gruva har namn etter, og ho skreiv namnet sitt <i>Nicoline</i>, kan denne skrivemåten av namnet godtakast. Om ikkje bør namnet skrivast <i>Nikoline</i> i tråd med norske rettskrivingsprinsipp. Språkrådet skriv au at namnet bør samskrivast og stå i bestemd form, sidan dei andre gruvene i området har ein slik skrivemåte. Dei tilrår ikkje skrivemåten <i>grube</i>, då ein slik skrivemåte ikkje er i samsvar med dagens rettskriving. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nikolinegruva</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Me har ingen opplysningar om kven gruva har namn etter, så skrivemåten <i>Nikoline</i> høver dermed best med norske rettskrivingsprinsipp. <i>Gruve</i> er eit ålment kjent ord og bør fylgje rettskrivinga. Me er einige med Språkrådet i at gruva bør skrivast i eitt ord og i bestemd form lik dei andre gruvene i området. Kartverket vedtek skrivemåten <b>Nikolinegruva</b> i samsvar med Språkrådets tilråding og norsk rettskriving.</p>	Sør-Fron
71660	Oe / Oden	28	<b>Oden</b>	Gard 62	<p><b>Uttale:</b> <i>ó`é</i> (NG 1900); <i>O`e</i> (matr. 1904); <i>ō`e</i> (heradsregisteret 1945). Sør-Fron kommune skriv i høyringsvaret sitt at den lokale uttala er <i>Oe</i> eller <i>O`e</i>.</p>	Sør-Fron

Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknader	Kommune
					<p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Oden</i> (rektangelmåling 1828, 1885; matr. 1838, 1886, 1904, 1950; N50 1952, 1973, 1991, 1995, 2005, 2012; ØK 1978). I NG er <i>Oden</i> ført opp saman med ei rekkje eldre skrivemåtar av namnet. Rygh skriv at namnet kjem av <i>Óðin + vin</i> 'engslette', men han legg au fram <i>vað</i> n. 'vadestad' som eit mogleg opphav til fyrsteleddet. I <i>Gardar og slekter i Fron</i> bd. 1 (1973, s. 95) er <i>Oden (Oe)</i> ført opp, men forfattern skriv namnet <i>Oden</i> i teksten om garden.</p> <p><b>Høyringsvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Oden</i>. Kommunen skriv at ein slik skrivemåte gjer at opphavet til stadnamnet ikkje blir borte.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret, matriklane, NG, heradsregisteret og bygdeboka. Vidare skriv dei at det ikkje er tvil om uttala av namnet, slik at spørsmålet blir om skrivemåten skal leggje seg nær uttala eller ikkje. Ein skrivemåte som <i>Oe</i> samsvarar med uttala, men han er ikkje ynskt lokalt og det er ikkje tradisjon for ein slik skrivemåte. Skrivemåten <i>Oden</i> samsvarar ikkje med uttala, men har lang skrifttradisjon og er ynskt lokalt. Språkrådet poengterer at uttala av namnet har halde seg trass i den lange skrifttradisjonen med <i>Oden</i>. Til slutt skriv dei at korkje <i>Oe</i> eller <i>Oden</i> viser tydeleg kva namnet kjem av. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Oden</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Kartverket er einige med Språkrådet om at ein bør vektleggje skrifttradisjonen og det lokale ynsket. Ein skrivemåte som <i>Oe</i> vil truleg verke framand lokalt, og som Språkrådet poengterer, blir <i>Oden</i> uansett uttala <i>oe</i>. Det blir au tydelegare at sisteleddet kjem av <i>vin</i> når sisteleddet skrivast <i>-en</i>, jf. <i>Bergen</i> og <i>Skøyen</i>. Det er uvisse rundt opphavet til fyrsteleddet, men ein skrivemåte som <i>Od-</i>utelukkar korkje <i>Odin</i> eller <i>vad</i>. Kartverket vedtek</p>	



Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Laupenr.	Vedtak	Namneobjekt	Merknadar	Kommune
					skrivemåten <b>Oden</b> i samsvar med skrifttradisjonen, Språkrådets tilråding og lokalt ynske.	
	Oden	29	<b>Oden</b>	Bruk 62/1	<p><b>Uttale:</b> «Udtales Oe (i 2 Stavelser.)» (matr. 1886). Sør-Fron kommune skriv i høyringssvaret sitt at namnet blir uttala «Oe».</p> <p><b>Skrifttradisjon:</b> <i>Oden</i> (matr. 1838, 1886, 1904, 1950; <i>Gardar og slekter i Fron</i> bd. 1, 1973, s. 96).</p> <p><b>Høyringssvar:</b> Sør-Fron kommune ynskjer skrivemåten <i>Oden</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> Språkrådet viser til høyringssvaret og tilrår skrivemåten <i>Oden</i>.</p> <p><b>Vurdering:</b> Kartverket vedtek skrivemåten <b>Oden</b>, jf. laupenr. 28.</p>	Sør-Fron
